

Nyttårshelsing frå leiaren i Uskedal Utvikling, Gunn Mari Moberg.

09.01.2020



Gunn Mari Moberg er leiar i Uskedal Utvikling.

Uskedalen - ei levande bygd. 2019 er historie og det er tid for ei oppsummering. Vi vil starta med å takka kommunen for at dei opprettheldt brannstasjonen i Uskedalen. Branntroppen vår er utruleg viktig, noko vi har fått erfara fleire gonger i 2019. Vi har mange aktive lag og organisasjonar i Uskedalen. Dei aktiviserer oss og skapar TRIVSEL i bygda. Tusen takk til ALLE frivillige.

Ny gruppe frivillige i år er Dugnadsgruppa som jobbar kvar torsdag frå kl.9.30. Gruppa tar på seg diverse oppdrag. Dei har rydda på Heio, rundt kunstgrasbanen, turstiar og planlegg lavvo på Flåtene og på Klepp, for å nemna noko. Vil du vera med i denne gruppa, ta kontakt med Pål Haugland. Uskedal Utvikling har støtta opp med pengar til utstyr og drivstoff.

I 2019 har det vore mange flotte konserter i Uskedalen. Haustfesten til Ungdomslaget er ein solid og populær fest. Idrettslaget har engasjert mange born og eldre med sine treningar. Vi gler oss med laget som fekk 600.000,- frå SpareBank 1 - stiftinga Kvinnherad til garderobeanlegg på Heio. Vi ser òg fram til den vidare prosessen mot eit Klatretårn i Uskedalen, kjempe spennande.



Det er stor byggeaktivitet i Ospelunden.

Uskedal Barnehage feira 40 år i 2019. Det er mange som har gode minne frå tida si der. Festidalen helga blei ei flott helg med mykje god musikk. Dei imponerer stadig med kor godt dei engasjere frivillige frå heile kommunen.



Prognosane syner at det er venta stor nedgang i elevtalet fram mot 2024.

Uskedal Skule fekk ny rektor, Odd Steinar Arnesen. Det er vel få som kjenner skulen vår betre. Lykke til!

Vi har stabilt næringsliv i Uskedalen. Ein ser stadig nye enkeltmannsføretak som startar opp. I 2019 blei Uskedal Trelastlager historie. Kvinnherad Vekst blei ny eigar av selskapet og har store planar for bedrifta i nye lokal. Uskedalen har merka seg ut i kampen Nei til Vindkraft. Hauglandsfjellet blei godt profilert i NRK angåande Nei til Vindkraft.



Landbruket er ei vekstnærings i Uskedalen med nydyrkning og investeringar i overgang til lausdrift.

Trafikksikring og planarbeid.

Uskedal Utvikling jobbar for trafikksikring. At det blei redusert fartsgrense gjennom Uskedalen er resultat av den jobben. Vi har fleire tiltak vi vil jobba vidare med.

Det har vore oppstartsmøte på detaljreguleringsplan for Børnes. Kommunen med konsulentar er godt i gang med jobben. Vi vil følgja den tett vidare. Kvinnherad 2050 blei og diskutert i Uskedalen. Uskedal Utvikling hadde ope møte og eit kafé-møte der ein tok imot innspel til planen.

Båtlaget og Uskedal Utvikling organiserte ein strandryddedag. 5.kl frå Uskedal Skule hadde og ein bossplukkedag i mai. Vi ser at jobben viser igjen og observerer og at mange er flinke å plukka boss når dei er ute på tur.

Kafé-tiaren er ein fin sosial møteplass i bygda. Dei frivillige der stiller opp og lagar til kafé kvar tysdag heile året, imponert.



Ospelunden byggefelt der 22 tomter er selde og byggeklare.

Folketalet

I Ospelunden er det stadig nye hus som blir ferdigstilte. Flott! Folketalet i bygda er stabilt men det er fare for nedgang i talet skuleelevar. Det er noko som bekymrar oss. Vi håpar at nye innbyggjarar i bygda finn seg til rette. At dei vil engasjera seg i forskjellige aktivitetar og frivillig arbeid. Velkommen skal dåke vera. Saman skapar vi ei triveleg bygd.

Vi er no klar for 2020. Uskedal Utvikling har fleire oppgåver ein vil jobba med. Trafiksikring, reguleringsplanar, ungdomsklubb, profilering, turvegar, møte med ordførar, for å nemna noko. Har du noko du meiner vi bør jobba med, ta gjerne kontakt med oss.

Vi oppfordrar deg og til å lesa **nettsida vår uskedal.no** Der kan du lesa om smått og stort i bygda, og det vil også bli annonsert aktivitetar du kan delta på. Du kan også følja oss på Facebook under uskedalen.

Styret Uskedal Utvikling
Gunn Mari Moberg

Tekst: Gunn Mari Moberg
Foto/nett: Kristian Bringedal



Trafikksikring er eit av mange tiltak Uskedal Utvikling har og vil halda fram å arbeida med i 2020.